Hjartdal kommune
Samfunnsutvikling

Vår referanse:	2023/1454-7
Dykkar referanse:	«Ref»
Saksbehandlar:	Simen Storøy
Telefon sentralbord:	35 02 80 00

«MottakerNavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»

20.03.2024

Varsel om oppstart kommuneplanen sin arealdel 2024-2033, samt høyring og offentleg ettersyn av planprogram - Hjartdal kommune

I medhald av plan- og bygningsloven (pbl) § § 11-1 og 11-5 samt vedtak i Hjartdal kommunestyre i møte den 13.03.2024 sak 15/2024, melder Hjartdal kommune med dette oppstart av arbeid med kommunedelplan sin arealdel. Samstundes vert forslag til planprogram sendt på høyring og offentleg ettersyn.

Føremål
Føremålet med planarbeidet er ein full revisjon av kommuneplanen sin arealdel der ein gjennomgår alt areal i kommunen.

I arbeidet med kommuneplanen sin arealdel skal det takast stilling til mellom anna kva som er tillaten arealbruk og kva for restriksjonar som skal gjelde.

I planarbeidet vil det både vere aktuelt å legge inn nye utbyggingsområde og på bakgrunn av ny kunnskap og nye føringar, vurdere om ikkje-realiserte byggeområde i gjeldande plan skal vidareførast eller tilbakeførast til LNF-føremål (landbruk-, natur- og friluftsføremål).

Det er eit mål med planprosessen at alle som ønsker det får høve til å bli høyrt.

Planprosessen
I planprogrammets høyringsperiode vil det bli halde eit opent informasjonsmøte i Tuddal med tema kring langsiktig utvikling av Tuddal. Møtetidspunkt og endeleg møteinnhald vert annonsera på kommunens heimeside.

Under høyringa av planprogrammet kan alle som ønsker komme med innspel både til planprogrammet og til planen, både som konkrete arealinnspel og som generelle innspel til planen, til dømes føresegnene. Alle nye arealinnspel må sendast inn i denne fasen. Sjå eiget kapittel om krav til innspel i vedlagt planprogram.

Tysdag 16.04.2024 vil det bli open kontordag på kommunehuset i Sauland i tidsrommet 09:00-14:00. Denne dagen ein kan få bistand til innspel om arealbruk, og svar på andre spørsmål ein har til planarbeidet.

Fristen for å koma med innspel både til planprogrammet og til sjølve planarbeidet er satt til 10.05.2024.

Skriftleg innspel sendast til postmottak@hjartdal.kommune.no

Med venleg helsing

Simen Storøy
Fagleiar klima og arealplanlegging

Janne Væringstad
Kommunalsjef samfunnsutvikling

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur

Vedlegg:

1 Saksprotokoll Kommuneplanen sin arealdel - 1.gangshandsaming av planprogram samt varsel om oppstart av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.
2 Planprogram_Kommuneplanens arealdel 2024 høyring